



DEN NORSKE KYRKJE

Ørsta sokneråd

dek 258
Kultur- og kirkedep.
Saknr. 200800738 29.08
Kode: 111-501 beh.

Det kongelige kultur- og kirkedepartement Statsråden
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Ørsta 01. september 2008

Vår ref.: SU 21/2008 /008.0.
Dykkar ref: Thom M. Rafoss

Høyringsvar: Styrkt demokrati i Dnk

Ørsta sokneråd gjev si støtte til framlegga i innstillinga. Soknerådet ynskjer å kommentere/understreke følgjande i kapittel 6:

Kap. 6.2 Økonomi i høve ny ordning.

I innstillinga vert det skissert ei omfattande valordning i høve dagens ordning. Sende ut valkort, fleire lokale for valet gjev behov for utstyr og ev. bemanning og røystesetlar. Dette vil utgjere ein betydeleg kostnad for fellesråd, som vil vere avhengige av særskild finansiering.

Kap. 6.3 Manntall basert på Den norske kirkes medlemsregister.

Det er viktig at det kyrkjelege mantalet er korrekt før valkort vert sendt ut. Det vil gje eit negativt fokus i høve valet dersom personar som ikkje er medlemmer får valkort i posten.

Kap. 6.4 Røysterett i anna sokn enn der ein er busett.

Det bør leggjast til rettes for ein person å flytte medlemskapet og slik få røysterett i anna sokn.

Kap 6.6 Informasjon om nominasjonssystem og nominasjonsprosess.

For å få tyngde i informasjonsarbeid i høve innføring av nye valordningar må det ein landsomfattande informasjonskampanje til.

Kap 6.7 Senket stemmerettsalder

Å senke alder for røysterett til 15 år er positivt. Valbarheit frå 15 år er òg viktig for å få med ungdom før dei ev. reiser vekk på skule/ i militære.

Kap 6.9 Tiltak for å gjøre det meir attraktivt å påta seg kirkelige verv.

Tiltaka i dette kapitlet er vesentlege for å gje kyrkjeleg folkevalde auka status og understreke at lokalt kyrkjestyre er viktig!

Kap 6.11 Skolering av soknerådsmedlemmer.

Her ynskjer me å understreke betydning av skulering med utgangspunkt i lokale forhold (på sokne- og fellesråds- nivå). Opplæringa må ta utgangspunkt i lokale planar, rutinar og ordningar.

Kap 6.13 Her vil me kome med eit framlegg til å nytte "soknestyre" i staden for sokneråd/
menighetsråd og kyrkjestyre i staden for kyrkjeleg fellelsråd.

For Ørsta sokneråd

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Steinar Sætre'. The signature is written in a cursive, flowing style with some loops and flourishes.

Steinar Sætre
Kyrkjeverje